



Akvator AS v/Nina Skjerping
Kunnskapshuset, Sæ 132
5417 STORD

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2907 - 16/33483

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

07.12.2016

Vedkomande søknad om rammeløyve for ny produksjonshall til eksisterande settefiskeanlegg - gbnr 229/6 Andås

Administrasjonen syner til søknad om rammeløyve og reguleringsplan for Bjørsvik plan-ID 1263-200704.

Kommunen mottok søknad om rammeløyve og søknad om dispensasjon for oppføring av ny produksjonshall. Søknad vart motteke her den 30.08.16 og supplert den 01.11.16.

Ved gjennomgang av søknad og reguleringsplan er det avdekket ei rekkje manglar som gjer at vi ikkje kan handsame Dykkar søknad slik den ligg føre.

Gjeldande reguleringsplan

Reguleringsplan for Bjørsvik settefiskeanlegg manglar utnyttingsgrad. Med hensyn til vidare utvikling av anlegget, belastning på infrastruktur og forholda til omgivnaden i Bjørsvik er det naudsynt å fastsette ei utnyttingsgrad som tar høgde for overnevnte moment for å sikre ei forutsigbar og realistisk utvikling av industriområdet.

Det er for anlegget i sak 2012/126 gjeve dispensasjon frå mønehøgde, med eit vesentleg avvik i frå gjeldande plan. I søknad om rammeløyve som vart sendt inn no er det søkt om dispensasjon i frå mønehøgde og regulert byggjegrænse.

Eksisterande anlegg og planer for vidare utbygging avviker i stor grad formålet med reguleringsplanen og de dimensjonene som er skildra i plankartet.

Etter administrasjonens vurdering er det naudsynt med planendring, der grad av utnytting, høgdekrav og rekkjefølgekrav vert de vesentlege endringane i frå gjeldande reguleringsplan.

Slik vi har forstått er det ynskje om diverse endringar og mogeleg utfylling m.m. Dette vil vere naturleg å vurdere gjennom ei reguleringsendring.

Det står framleis fritt til å be om ei realitetshandsaming av Dykkar søknad. Men for at vi skal teke stode til den må dispensasjonssøknaden også omfatte grad av utnytting i gjeldande reguleringsplan.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Vi gjer merksam på at administrasjonen ikkje er positiv til å gje dispensasjon frå grad av utnytting i denne saka.

Vi ber om ei tilbakemelding på om de framleis ynskjer at saka dykkar skal bli handsama slik den ligg føre, med suppleringsav dispensasjonsøknaden til også og omfatte grad av utnytting. Vi ber og om at dette ligg føre så snart som mogeleg og seinast innan 31.12.16.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lerøy Vest AS

Bekkjarvik

5397

BEKKJARVIK

Mottakarar:

Akvator AS v/Nina Skjerping

Kunnskapshuset,
Sæ 132

5417

STORD